

Lukk auga, så skal eg visa deg noko, sa ho.

Det likna på ei badeand, ei slik gul i mjuk plast. Det var alle samde om.
Ei klassisk badeand. Sjølv lyden som kom når ein klemde på ho,
var akkurat ein slik lyd som badeender er kjende for.
Nebbet, auga, den mjuke plasten, måten ho flaut på i vatnet
– alt var som ei badeand, men det var inga badeand. Absolutt ikkje.
Det kunne ikkje vera ei badeand, klin umogleg.
Det var alle samde om.

Dei hoppa opp samstundes alle tre.
Etterpå landa dei igjen. Alle tre.

Det regna tett, samstundes som det bles opp til storm.
Regnet slo mot vindaugsruta. Heile ruta var dekt av vatn.
Vatnet viska bort konturane på alt der ute. Det som var eit fuglebur,
kunne like godt vera ein lastebil fullasta med tømmer.
Tømmeret var kanskje ikkje festa godt nok,
og vinden kunne riva det med seg,
og det kunne rasa over søppelspannet
som like godt kunne vera ei lysekrona
i krystall som var litt vanskeleg å slå på,
då det elektriske anlegget var gammalt.
Det burde vore skifta ut for lenge sidan.

Det var tre moglege utfall. Det var alle samde om.
Det eine moglege utfallet var noko majonesliknande som kokte i romtemperatur.
Det vil seia at det ikkje akkurat var koking, det var meir snakking på eit språk
som ingen enno kunne tyda. Det andre moglege utfallet var ein fisk
som av ein eller annan grunn absolutt ville vera på land.
Det tredje moglege utfallet var noko ufatteleg hardt,
men dersom ein berre nærma seg det varsamt nok,
ville ein kunna gå rett gjennom det
som om det var ingenting.

Lukk auga dine så skal eg visa deg noko, sa ho.
Han nølte litt, men gjorde til slutt som ho sa.
Ingenting hende.